



I dag starta firmaet Edland Brønnboring frå Vinje i Telemark boring etter vatn tett ved huset til idrettslaget på Heio, Dei fann vatn på rundt 17 meter, men ikkje i tilstrekkeleg mengde. Når det eventuelt kan bli full klaff kunne Einar Edland forståeleg nok ikkje seia noko om i ettermiddag - vassboring er ein usikker geskjeft. Men Edland er eit røynd firma som opererer på eit stort område og boraren håpar på klaff på rundt 30 meter.

Idrettslaget har i alle fall 77 000 kroner til disposisjon for føremålet - summen er stilt til disposisjon av Sparebankstiftinga, - Utan desse pengane hadde det vore tungt å realisera planane våre om ein skikkeleg opprusting av idrettsanlegget, medgir kasserar Oddmund Soldal som fylgjer spent med i operasjonen.



Oppdragsgjevar og borar håper på mykje vatn snarleg

Huset ligg tett ved elva og det er frå før ein brønn der, men vatnet i den kan ikkje anbefalast brukt i samband med arrangement i anlegget. Difor har laget vore nødt til å køyra inn vatn og det er ikke haldbart. Det er ein stor operasjon, særleg i samband med store arrangement som til dømes Heio Cup.

Å skaffe godt vatn er ein grunnleggjande føresetnad for å komma vidare med opprustinga av huset. Når den kjem igang og kor omfattande den blir er førebels uvisst. Men det er tydelegvis ein sterk vilje i laget til å ta eit skikkeleg løft på Heio.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen